

Kopimottaker

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1411 - 14/4554

Saksbehandlar:

Kristin Ruud Myking

kristin.ruud.myking@osteroy.kommune.no

Dato:

21.03.2014

SØKNAD OM MIDLAR TIL SFO OG NÆRMILJØKVALITETAR - VALESTRAND SKULE

SFO prosjekt på Valestrand skule er delt i to ulike fasar. Det har vore eit ynskje om å leggje til rette for måltid ute. I tillegg ynskjer dei å oppgradera uteområdet slik at dette blir meir attraktivt for leik. Innan for midlane i dette prosjektet får ein ikkje til begge deler, det må derfor leggest opp to fasar. Den første som ein søker støtte til inneheld opparbeiding av plass med benkar og sitjeplassar ute med grue. Samt frysar slik at ein kan handle inn når matvarer er på tilbod. I tillegg trengs noko kjøkkenutstyr slik at ein kan leggje til rette for medverknad hjå barna under måltidet. Resterande ynskjer ein å nytte til ein klatrevegg.

Skulen ligg på eit område som idrettslaget nyttar på ettermiddag – kveldstid. Slik at ein oppgradering av dette området vil og ha ringverknader på nærmiljøet då dei kan nytte dette utanom skuletid. Valestrand idrettslag er samarbeidspartnar i prosjektet. Det vil arbeidast vidare for å få inn ytterlegare samarbeidspartnarar.

I fase to er tanken å få i stand eit leikeområde i tilknytning til skulen. Her har ein mellom anna sett på det som Søreide skule har gjort. Finansiering her er ikkje klar, men kommunen ser for seg at dette kan søkast på frå andre tilskotsordningar. Det er tenkt å byggja ei lita trehytte /grillhytte. Samt å felle skog for å få betre lystilhøve på ein del av område som i dag er mørkt og fuktig, samt drenering av grunnen her.

MÅL: Det er eit mål både å få eit auka fokus på måltidet og medverknad frå ungane samt og auka fysisk aktivitet. Det er og ei målsetjing at området blir attraktivt for nærmiljøet då det vil auke fysisk aktivitet naturleg ved at bebuarane i kjem inn i eit område som innbyr til aktivitet og fellesskap.

Post

post@osteroy.kommune.no
Dokumentsenteret
5282 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto
Org.nr. 864.338.712

BUDSJETT:

POST	TIMER / ANTALL	UTPOST	INNPOST
Grue til grill og bål		20.000,-	
Takoverbygde benker		20.000,-	
Klatrevegg		11.000,-	
Fryser	1	4000,-	
Kjøkkenutstyr		10.000,-	
SUM UT UTSTYR		65.000	
Planleggingsmøter:	4 stk x 6 timer	1000,-	
Kompetanseheving	4stk x 14 timer	14.000,-	
Møte med frivillige	3 stk x 3 timer	2250,-	
Folkehelsekoordinator	28 timer	9800,-	
SFO egeninnsats	28timer	8400,-	
Dugnad	3 stk 48 timer	36.000,-	
Osterøy vidaregåande	10 timer	3500,-	
SUM UT ARBEID		74.950,-	
		139.950,-	
Planleggingsmøter:	4 stk x 6 timer		1000,-
Kompetanseheving	4stk x 14 timer		14.000,-
Møte med frivillige	3 stk x 3 timer		2250,-
Folkehelsekoordinator	28 timer		9800,-
SFO egeninnsats	28timer		8400,-
Dugnad	3 stk 48 timer		36.000,-
Osterøy vidaregåande	10 timer		3500,-
Søknad om støtte HFK- Hdir			65000,-
SUM INN:			139.950,-

Med helsing

Kristin Ruud Myking
folkehelsekoordinator

